



Jentelaget til UIL i J-10-klassen, i aksjon. (Foto Thor Inge Døsland).

**For dei fleste går no fotballsesongen mot slutten. Det er ikkje tilfelle for dei tre 13-åringane Dag Rune Myklebust, Anette Sandnes og Silje Bråtun. Dei skal vera med på samlingskveldar saman med andre lovande fotballspelarar. Til saman er det 31 trettenåringar som samlast, 17 gutar og 14 jenter.**

Ein av deltakarane, Silje Bråtun, fortel til uskedalen.no at det skal vera fem samlingskveldar, to tysdagar og tre torsdagar, i siste halvdel av oktober og i starten av november. Første samlinga er torsdag 19.10. Det er tydeleg at ho ser med spenning og forventning fram til å trena saman med spelarane frå dei andre klubbane. Det vil vi tru gjeld for dei to andre og.

Som dei siste åra, er desse samlingane lagt til Uskedalen.

Samlingane er og eit første steg når det gjeld kartlegging av spelarar med tanke for kvalifisering til seinare samlingar for krinslaga. Vi ønskjer spelarane lukke til med tanke på dette, og håpar dei får godt utbytte av treningssamlingane.

Av Thor Inge Døsland